

Jan Gunnar Sangolt m/fleire
5382 Skogsvåg

Sangolt 25 januar 2015

Sund kommune

Skogsvåg

postmottak@sund.kommune.no

Naustmiljøet og kvalfangsten i Kvalvågen.

Me ynskje at naustområdet vert regulert til LNF spredd næring.

Vil visa til at sentrumsplanen for Skogsskiftet skal rullerast i 2015, Kvalvågen er ein del av denne planen.

I området mellom Grudnevikja og nausta ved Little-Sangoltsjøen har det vore arrangert tre Kalfestivalar. I dette området er det også fleire, bryggjer, naust og bygningar for sagbruk.

Området har eit stort potensialet med tanke på å utvikla dette med tanke på kvalfangsthistoria i området. Området har store kvalitetar og med fokus på estetikk kan området bli ein attraksjon. Området kan over tid generera inntekter.

Funksjonen som nausta hadde fram til slutten av 1960-talet er borte. Ny tider har andre behov og skal endringar gjennomførast må planar for området oppdaterast.

Me kjenner til det arbeid med «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som Sund kommune har hatt leiaransvaret for. I dette arbeidet har fylkesmannen og Fylkeskommunen påpeika at det er viktig å ta vare på desse naustmiljøa. Men dei peikar også på at der er viktig å få bruken av bygningane inn i planverket.

Med dei signala som overordna myndighet sender om ny næring når oljealderen ebbar ut kan, dette være eit lite lokalt bidrag.

Sjå vedlagt kart.